

LNETT AS
Postboks 8124
4068 STAVANGER

Vår dato: 19.12.2025

Vår ref.: 202515046-33 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.: Børre Dybesland

NVE godkjenner Lnett sin detaljplan for Tjora transformatorstasjon

Vedtak om godkjenning

Vedtak og vilkår

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for Tjora transformatorstasjon.¹

NVE godkjente på bakgrunn av detaljplan datert 7. august 2025² og søknad om delgodkjenning av detaljplan datert 10. september 2025³, delvis oppstart av anleggsarbeid ved Tjora transformatorstasjon i vedtak datert 9. oktober 2025.⁴ Me fekk tilsendt revidert detaljplan den 12. desember 2025 og det er denne me no har godkjend.

NVE godkjenner detaljplanen datert 12. desember 2025 for å bygge, drifte og vedlikehalde Tjora transformatorstasjon og rive eksisterande Risavika transformatorstasjon i Sola kommune i Rogaland fylke. Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 13. oktober 2025, vilkår, post nr. 13.⁵ Det er konsesjonær sitt ansvar at detaljplanen er i samsvar med vilkår og føresetnader gjevne i konsesjonen, og at anleggsarbeidet vert gjennomført som beskrive i detaljplanen. Detaljplanen finnes på NVE sine nettsider: www.nve.no/14062/A.

For informasjon om bakgrunnen for dette vedtaket, deriblant detaljplanen, høyringsinnspel og NVE sine vurderingar, viser me til notatet «Grunngjeving for vedtak – Godkjenning av detaljplan for Tjora transformatorstasjon – Lnett AS» datert 19. desember 2025.⁶

De kan ikkje fråvike detaljplanen utan avklaring frå NVE. Dersom den vidare planlegginga og gjennomføringa viser at andre løysingar kan redusere ulempene utbygginga medfører, ber me dykk om å ta kontakt med oss slik at me kan behandle endringa(ne).

¹ NVE-ref.: 202515046-24

² NVE-ref.: 202515046-4

³ NVE-ref.: 202515046-14

⁴ NVE-ref.: 202515046-22

⁵ NVE-ref.: 202303345-27

⁶ NVE-ref.: 202515046-34



Godkjenninga gjevast på følgjande vilkår:

Før anleggsarbeidet startar

- De skal orientere NVE, Sola kommune, grunneigarar og rettshavarar om datoen for oppstart før anleggsarbeidet startar.
- De skal gjere entreprenørar, konsulentar og andre som planlegg og bygg anlegget på vegne av konsesjonær, kjent med detaljplanen og dette vedtaket.
- De skal etablere eit system for varsling av særleg støyande anleggsarbeid for bebuarar og interesser nære tiltaksområdet. Systemet må etablerast før særleg støyande arbeider vert sett i gang.

Undervegs i anleggsarbeidet

- NVE kan seinare stille krav om at de detaljerer prosjektet ytterlegare og dokumenterer bygging, drift og vedlikehald ved heile eller deler av anlegget, og at slik dokumentasjon skal godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gang.
- De skal til ei kvar tid ha oppdaterte kart som kan leggst fram for NVE på førespurnad.
- De skal unngå viftekyring og merke køyrespor i terrenget med band eller gjerde som ikkje forvitrar. I tillegg skal de vurdere merking i anleggsmaskinane sine styringssystem.

Generelt

- Dersom de avdekker uynskte hendingar som har skada eller kan skade miljøet betydeleg, skal de rapportere det til NVE. Opplys om kva for eit tiltak som er eller vil verte iverksett for å rette opp skadar og hindre gjentakingar.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå informasjon om retten til å klage på siste side.

De skal orientere grunneigarar og rettshavarar

Me vil i eigen e-post til Lnett sine kontaktpersonar orientere om korleis grunneigarar, rettshavarar og gjenbuarar/naboar skal orienterast om vedtaket.

Forhold som Lnett må være merksame på

Forholdet til plan- og bygningslova

Ettersom anlegget har konsesjon etter energilova, gjeld ikkje plan- og bygningslova.⁷ Det betyr at de ikkje treng å søke dispensasjon frå gjeldande kommunale arealplanar eller kommunal byggesaksbehandling.

NVE ber om å verte orientert dersom områder som er godkjende til mellombels arealbruk i NVE sine løyve, vert omgjorte til permanent arealbruk i medhald av anna lovverk. NVE ynskjer å få tilsendt kopi av søknader og eventuelle løyve.

⁷ [Plan- og bygningsloven § 1-3](#) (lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling).



Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kommunen kartdata i egna kartformat med alle fysiske anlegg, slik at det offentlege kartverket kan oppdaterast. Kravet står i byggesaksforskrifta (SAK 10).⁸

Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta

Anlegget er omfatta av kraftberedskapsforskrifta.⁹ NVE har i denne godkjenninga ikkje vurdert om tiltaket tilfredsstiller krava i forskrifta.

Løyve de trenger etter anna lovverk

I tillegg til denne godkjenninga av detaljplanen må de sørge for å skaffe dykk naudsynte privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida startar.

Lnett er også ansvarleg for å innhente naudsynte løyve etter anna lovverk.

Med helsing

Anne Johanne Kråkenes
seksjonssjef

Matilde Anker
fagleiar

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Mottakarliste:

LNETT AS

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
SOLA KOMMUNE
LNETT AS - Børre Dybesland
LNETT AS - Kjell Inge Røyksund

⁸ [Byggesaksforskriften \(SAK 10\) § 4-3](#) siste ledd (forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggesak).

⁹ [Kraftberedskapsforskriften](#) (forskrift 7. desember 2012 nr. 1157 om sikkerhet og beredskap i kraftforsyningen).



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 25. januar 2026. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg innan denne fristen, startar klagefristen på 3 veker å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.